



DELEGERINGSREGLEMENT FOR RÅDMANNEN I KLEPP 2011-2015

Vedtatt av kommunestyret den 20.06.2011 (k.sak 34/11)

1. ANSVARS- OG ARBEIDSOMRÅDE

1.1 Generelt

Når ikkje anna er klart slått fast i lover og retningsliner eller kommunestyrevedtak, er avgjerd delegert til rådmannen ("speilvendingsprinsippet").

Dei faste politiske organa kan i gitte tilfelle delegera til rådmannen å treffa avgjerder der desse sjølv, av tidsmessige grunnar, ikkje rekk å behandla saka. Slik delegering skal vera tidsavgrensa.

Rett til å fungera som underinstans ved klage, jfr. forvaltningsloven § 33, blir delegert til rådmannen. Denne retten kan rådmannen vidaredelegera i saker av ikkje-prinsipiell karakter.

1.2 Arbeidsgjevaransvar

Rådmannen er øvste leiar for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov eller delegering frå kommunestyret. Rådmannen har myndighet til å treffa avgjerder i personalsaker.

Rådmannen står for tilsetjing/oppseiing i alle kommunale stillingar som ikkje er unntatt i lov, eller i dette reglement pkt. 1.7.

Rådmannen sitt arbeidsgjevaransvar skal utøvast i samsvar med kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk, gjeldande lover og forskrifter, avtaleverk, protokollar og handlingsplanar.

1.3 Rådmannen sine oppgåver og myndighet etter kommuneloven § 13

Rådmannen er øvste leiar for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov og rammer fastsette av kommunestyret.

Rådmannen har ansvaret for at dei sakene som blir lagde fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidde, og at vedtak blir sette i verk.

Rådmannen har møte- og talerett, personleg eller ved ein delegert underordna, i alle kommunale organ med unntak av kontrollutvalet. Den underordna møter i eigenskap av rådmann.

Kommunestyret delegerer myndighet til rådmannen til å treffa vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

1.4 Delegert myndighet til rådmannen på vegne av kommunen som rettssubjekt

Rådmannen blir delegert fullmakt til å inngå avtalar om kjøp/sal av mindre areal i samsvar med godkjent reguleringsplan, jfr. politisk delegeringsreglement, § 6.3.1.

Rådmannen får fullmakt til å krevja kart- og delingsforretning på vegne av kommunen. Rådmannen får fullmakt til å møte på kart- og delingsforretningar på vegne av kommunen, og til å underteikna avtalar om grensejustering etter gyldig vedtak, eller når saka ikkje er av prinsipiell karakter.

1.5 Rådmannen sine fullmakter innan økonomiforvaltninga

Rådmannen sine fullmakter innan økonomiforvaltning går fram av økonomireglement §§ 2.5 og 5, og finansforvaltningsreglement § 3. Rådmannen utarbeider forslag til budsjett og handlingsplan for økonomiutval/formannskap, og års- og tertialrapport for kommunestyre/kontrollutval.

1.6 Rådmannen sin tilvisingsmyndighet

Rådmannen har ansvaret for at kommunale utbetalingar skjer i samsvar med fullmakter. Oversikt over delegert tilvisingsmyndighet skal haldast ajour.

1.7 Rådmannen sine fullmakter innan personalforvaltning

I medhald av kommuneloven § 24 nr. 1 blir kommunestyret sin myndighet i personalsaker delegert til rådmannen eller den han gir fullmakt, slik:

- Tilsetjings- og oppseiingsmyndighet for alle stillingar, bortsett frå kommunalsjefar, personal- og organisasjonssjef og økonomisjef
- Myndighet til å organisera dei kommunale tenestene og funksjonane (jfr. *Politisk delegeringsreglement* kap. 5.2, strekpunkt 6)
- Myndighet til å vedta reglement og instruksar innan personalområdet
- Myndighet til å lønnplassera stillingar og fastsetja individuell lønn ved tilsetjing, bortsett frå kommunalsjefstillingane
- Myndighet til å forhandla og fastsetja lønn for alle stillingar innanfor vedtekne lønnspolitiske retningsliner
- Myndighet til å godkjenna sentralt fastsette særavtalar, som følgje av hovudtariffavtale.

1.8 Uttale

Rådmannen får fullmakt til å gje uttale til offentlege utgreiingar, lovforslag m.m når desse ikkje er rekna å ha spesiell politisk interesse, eller dersom høyringsfristen ikkje gir tid til politisk behandling. Elles er formannskapet eller berørt hovudutval kommunen sin

høyringsinstans. Saker der rådmannen etter fullmakt har gitt uttale, skal rapporterast til formannskapet.

1.9 Saker som gjeld kommunal eigedom

Rådmannen får fullmakt til å leiga ut kommunale utleigebustader og inngå leigekontrakt etter retningsliner og rammer fastsette av kommunen.

Rådmannen får fullmakt til å seia opp leigekontrakt ved brot på denne, og om nødvendig be om utkasting av leigetakar i kommunale bustader etter reglar som gjeld for dette.

Rådmannen får fullmakt til å leiga ut kommunale kontorlokale og fastsetja leigesats innanfor budsjett eller rammer/retningsliner som gjeld for kommunen.

Rådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt om feste av tomt, administrera ordninga og krevja festeavgift.

Rådmannen er delegert myndighet til å selja bustadtomter innanfor regulerte tomteområde i samsvar med tomtetildelingsreglar fastsette av kommunestyret.

Rådmannen får delegert fullmakt til kjøp og sal av bustader innanfor godkjent budsjettramme.

1.10 Andre saker

Rådmannen får fullmakt til å tvangsinndriva kommunale krav i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Rådmannen får fullmakt til å avgjera søknader om å vika prioritet for kommunale hefte.

Rådmannen får fullmakt til å sletta hefte på parsellar eller tomter som blir utskilde frå hovudeigedom, og som får egne bruksnummer.

Rådmannen får fullmakt til å avskriva ikkje inndrivbare krav på inntil 100 000 kr pr. år, og einskildkrav på inntil 20 000 kr.

2. DELEGERING ETTER SÆRLOV

Rådmannen blir delegert kommunen sin myndighet etter følgjande særlover og forskrifter m.m.:

2.1 Stabs- og fellestenester

- **Straffeloven av 22. mai 1902 nr. 10**

- Rådmannen får delegert fullmakt til å krevja offentleg påtale på vegne av kommunen der offentleg påtale er avhengig av oppmoding frå fornærma - § 79, 5. ledd
- **Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27**
 - Saker vedr. skifte av styrar og stedfortredar - §§1-7b og 1-7c,
 - Saker som gjeld skjenkeløyve for ein enkelt anledning, evt. utviding for ein enkelt anledning - §§ 1-6, 2. ledd, 4-2, 3. ledd, 4-5, 4-4, 3. ledd
 - Saker som gjeld ambulerande løyve - § 4-5
 - Rådmannen får fullmakt til å fastsetja årleg bevillingsgebyr for sal og skjenking av alkohol etter satsar vedtekne av departementet – § 7-1
- **Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55**
 - Myndighet til å gi serveringsløyve er delegert til rådmannen – §§ 3, 6 og 9
 - Rådmannen kan ved enkelthøve gje løyve til å lukka seinare eller opna tidlegare enn dei fastsette tidene - § 15, 4. ledd
 - Godkjenning av dagleg leiar er delegert til rådmannen - §§ 4 og 6
- **Lov om trdomssamfunn og ymist anna av 13. juni 1969 nr. 25 og Lov om tilskott til livssynssamfunn av 12. juni 1981 nr. 64**
 - Rådmannen har myndighet til rekna ut og fordela kommunale midlar til registrerte og uregistrerte trdoms- og livssynssamfunn etter gjeldande retningsliner gitt av departementet.
- **Lov om den norske stats husbank av 1. mars 1946 med forskrifter**
 - Rådmannen har delegert fullmakt til å avgjera søknader om startlån, utbetingslån og tilskot til etablering/utbetring og i og tilpassing av bustad.
- **Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56**
 - Oppfølging av ansvarsprinsippet er delegert til rådmannen - § 2-1
 - Samordning av beredskapsplanar - § 6 i forskrifta
- **Lov om behandling av personalopplysninger av 14. april 2000**
 - Sjø til at kommunen sine reglar og konsesjonar er i samsvar med loven.
- **Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersoner av 17. juli 1992**
 - Fullmakt til å melda krav på vegne av kommunen - § 3-2
 - Godkjenna forslag til frivillig gjeldsordning - § 4-12
 - Møta til munnleg saksførebuing, og gje uttale - § 5-3, 2. og 3. ledd
- **Lov om megling i konfliktråd av 15. mars 1991 nr. 3**
 - Rådmannen peikar ut kontaktperson for konfliktrådet - § 3

2.2 Etat for skule og barnehage

- **Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61**
 - Rådmannen får delegert myndighet i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

- Godkjenna framskutt og utsett skulestart, og avgjera søknad om heilt eller delvis fritak for undervisning - § 2-1
 - Fremja krav om offentleg påtale dersom skuleplikta ikkje blir følgd opp - § 2-1 5. ledd
 - Gjennomføra språkdeling - § 2-5, 4. ledd
 - Særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoriteter - §2-8
 - Gjennomføra opplæring i teiknspråk og punktskrift §§ 2-6, 2-14
 - Sjå til at ordensreglement og reglar for bortvising blir utarbeidd - §§ 2-9 / 2-10
 - Gje elevpermisjon frå den pliktige opplæringa - § 2-11
 - Føra tilsyn med privat opplæring i heimen - §§ 2-13 og 14-2
 - Setja i gang grunnskuleopplæring og spesialundervisning for vaksne - §§ 4A-1, 4A-2
 - Sikra at det blir gitt spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning til barn og unge etter sakunnige vurderingar (PPT) - §§ 5-1, 5-7 jfr. kap. 5
 - Flytta ein elev til ein annan skule i kommunen eller til annan kommune - § 8-1, 3. ledd
 - Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper - § 8-2
 - Elevane sitt skulemiljø - §9A
 - Sørgja for skuleskyss - § 7-1 og § 13-4 (farleg skuleveg)
 - Ta opp elevar i kulturskulen - § 13-6
 - Organiser skulefritidsordninga (SFO) og ta opp barn i denne - § 13-7
 - Sjå til at opplysningsplikta til barnevern- og sosialtenesten blir oppfylt - §§ 15-3 og 15-4
- **Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr. 7**
 - Utøva kommunen sin myndighet til å gje uttale i spørsmål om foreldremyndighet og samværsrett - § 61, nr. 6
 - **Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64**
 - Myndighet til å godkjenna barnehagar og familiebarnehagar - §§ 10 og 11
 - Opptaksmyndighet - §§ 12 og 13
 - Kommunen sin tilsynsmyndighet - § 16
 - Kommunen sin myndighet til å dispensera frå utdanningskrav - §§ 17 og 18
 - Fordela ressursar til særlege tiltak for barn i førskulealder

2.3 Etat for helse, sosial og omsorg

- **Lov om sosiale tenester m.v av 13. desember 1991 nr. 81**
 - Kommunen sitt ansvar for nødvendig opplæring av personell innanfor tenesteområdet - § 2-3
 - Kommunen si plikt til å samarbeida med andre deler av forvaltninga og med frivillige organisasjonar vedr. omsorgstenester - §§ 3-2 og 3-3
 - Myndighet til å gjera vedtak om sosiale tenester - §§ 4-1 og 4-2
 - Setja i verk tiltak ved særleg tyngande omsorgsoppgåver - § 4-4
 - Myndighet til å finna mellombels husvære - § 4-5
 - BPA – brukarstyrd personleg assistanse
 - Omsorgsteneste heimebuande
 - Myndighet til å gjera vedtak om økonomisk stønad – kap 5 – Samarbeidsavtale med NAV

- Myndighet til å gjera vedtak om særlege tiltak for rusmiddelbrukarar – kap. 6
 - Myndighet til å gjera vedtak om tildeling av omsorgsteneste – kap. 7
 - Myndighet til å tildela og gje avslag på tenester - § 1-3, nr. 6
- **Lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 nr. 66**
 - Myndighet til å gjera vedtak om helsehjelp - §§ 1-3 og 2-1 (med mindre lov, forskrift eller kommuestyrevedtak er til hinder for dette)
 - Myndighet til å rekna ut og krevja inn vederlag for helsetenester så langt reglar og forskrifter gir høve til det, og innanfor dei satsar kommunestyret har bestemt. (Rådmannen kan fråfalla krav om eigenbetaling eller endra betalingsatts for helsetenester etter søknad)
 - Myndighet til å tildela og gje avslag på omsorgstenester - § 1-3, nr. 6 etter gjeldande kriterier
 - Myndighet til å krevja vederlag frå mottakar av sjukeheimplassar etter gjeldande regelverk innanfor rammer sette av kommunestyret - § 11-2
 - Rådmannen kan fråfalla krav om eigenbetaling eller endra betalingsattsen etter søknad
- **Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5. august 1994 nr. 55**
(kfr. Politisk delegeringsreglement)
- **Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973 (Tobakkskadeloven)**
 - Tilsyn med at reglane om røykeforbod blir følgde - §§ 12 og 13
- **Lov om strålevern og bruk av stråling av 05.12.2000 nr. 36. jf Forskrift om strålevern og bruk av stråling § 42, 3. ledd.**
 - Tilsyn § 18 - gjeld solarier
 - Delegeringa gjeld ikkje stansing, tvangsmulkt og saker av prinsipiell karakter (kfr. Politisk delegeringsreglement)
- **Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100**
 - Myndighet til å gjera vedtak innanfor dei rammene og i samsvar med dei føresetnadene som overordna politiske organ har sett med heimel i lov og forskrifter, når desse oppgåvene ikkje er lagde til fylkesnemnda eller leiar for barneverntenesten - § 2-1
 - (I hastesaker er myndighet delegert direkte frå kommunestyret til seksjonsleiar barnevern. Fagansvarleg i seksjonen er stedfortredar - § 4-6 andre ledd og 4-25)
- **Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere av 17. juli 2003 nr. 80**
 - Leggja til rette introduksjonsprogram - § 3
- **Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5. august 1994 nr. 55**
 - Kommunen sine oppgåver blir delegerte til rådmannen - §§ 4-6, 4-9 og 7-2 (Kommunelegen sine oppgåver går fram av § 7-2)
- **Lov om vern mot tobakkskader av 18. mai 1990 nr. 11**

- Rådmannen får fullmakt til å føra tilsyn med at reglane (ma. vedr. røykfrie lokale) blir følgde opp - § 6
- Rådmannen får fullmakt til å dispensera frå reglane i § 6, og setja vilkår for eventuell dispensasjon

2.4 Etat for lokal utvikling

- **Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108**
 - Myndighet etter loven i saker som ikkje er av prinsipiell karakter blir delegert til rådmannen.
- **Fordeling av tilskot til frivillige organisasjonar**
 - Rådmannen har myndighet til å avgjera enkeltsøknader om tilskot til kulturføremål i samsvar med gjeldande retningsliner.
 - Rådmannen har myndighet til å avgjera søknader om tilskot til nyanlegg etter gjeldande retningsliner med inntil kr. 100 000 pr. prosjekt.
- **Lov om vaksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95**
 - Rådmannen har myndighet til å fordela midlar til vaksenopplæringstiltak i organisasjonane innanfor budsjetttrammene, og i samsvar med vedtekne reglar - § 6
- **Fordeling av brukstider**
 - Rådmannen har myndighet til å fordela brukstider blant brukargrupper for bygg og anlegg som kan nyttast til kulturelle og idrettslege føremål.
- **Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50**
 - Rådmannen har myndighet til å følgja opp den delen av loven som ikkje er forvalta av fylkeskommunen eller riksantikvaren
- **Lov om vern mot forurensing og avfall av 13. mars 1981 nr. 6 med forskrifter**
 - Kommunen sin myndighet i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17**
 - Rådmannen får delegert myndighet til å gjennomføra avgiftsvedtak og krevja inn avgift
- **Vegloven av 21. juni 1963 nr. 23**
 - Myndigheten til Lokal utvikling som vegstyremakt for kommunale vegar blir delegert til rådmannen i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter - § 9, 3. ledd
- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plandelen) av 27. juni 2008 nr. 71**
 - Rådmannen får delegert myndighet i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45**
 - Rådmannen får delegert myndighet til å gje uttale vedr. drosjeløyve m.m.
- **Vegtrafikkloven av 18. juni 1965 nr. 4 med forskrifter**

- Kommunen sin skiltmyndighet, trafikk- og fartsreglar, særleg forbod mot trafikk og parkering, myndighet til å ileggja parkeringsgebyr og tilleggsavgift m.m. blir delegert til rådmannen - §§ 4-8
- **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82**
 - Kommunen sin myndighet etter § 6 (løyve etter søknad) i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31**
 - Kommunen sin myndighet i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr.101 (matrikkelloven)**
 - Rådmannen får delegert kommunen sin myndighet etter matrikkelloven i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 og gjeldande forskrifter frå landbruksdepartementet og Statens Landbruksforvaltning**
 - Rådmannen har myndighet til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- **Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28. november nr. 98 (Konsesjonsloven)**

Rådmannen har delegert myndighet til å ta avgjerd i saker av ikkje-prinsipiell karakter:

 - Saker vedr. konsesjon på utbyggingskontraktar - § 3
 - Saker vedr. konsesjon på ei enkelt bustadtomt eller tomt for fritidsbustad som det ikkje er bygt på, tomtstorleik inntil 2 da - § 4-1, 1. ledd
 - Gje uttale om konsesjonsfritak - § 4-4
 - Saker vedr. konsesjon på eigedom med avgrensa konsesjonsfridom - § 4, 2. ledd og § 7
 - Saker vedr. fritak frå bu- og driveplikta for inntil 5 år - § 5, nr. 2 (jfr. også odelsloven § 27, 3. ledd)
- **Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58**
 - Kommunen sin kontroll med at bu og driveplikt blir oppfylt, blir delegert til rådmannen
- **Lov om forpaktning av av 25. juni 1965 nr. 1**
 - Rådmannen får fullmakt til å godkjenna forpaktingsavtale, og setja vilkår for denne - §§ 4 og 7
- **Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7. juni 1996 nr. 32**
 - Rådmannen blir delegert myndighet til å avgjera kven som sørgjer for gravferd viss etterkomarane er usamde - § 9
- **Lov om jakt og fangst av vilt av 29. mai 1981 nr. 38 (Viltloven)**
 - Delegering gjeld følgjande:
 - §§ 13 og 14A – felling av skadevilt
 - § 16 – fellingsløyve etter fastsette areal og kvotar (jaktval)

§ 17 – vilkår for felling

§ 18 – grunnlag for minsteareal

§ 39 – obligatorisk jegerprøve

§ 40 – fastsetjing av fellingsavgift etter statlege normer

§§ 43 og 48 – viltfond og bruk av vilt som tilfell fondet